

Prekenverkstedet



<http://www.israelsmisjonen.no/ressurser/materiell/prekenverksted>

Helgemessesøndag / Allehelgensdag - 5. november 2017

Preiketekst: Matt 5,1-12

Lesetekst I: Jes 49,8-10

Lesetekst II: Op 7,9-17

HIMMELRIKET ER DEIRA

Dagen

To tradisjonar møter kvarandre på denne dagen. Det dreier seg om sterke tradisjonar omkring å minnast dei døde (i trua) og å heidra alle dei helgenar som ikkje har ein eigen minnedag. Det finst nå i tekstrekke eigne tekstar for markering av ein minnedag. Likevel vil predikantar dei fleste stadar måtta forholde seg til ulike tradisjonar på helgemessesøndagen.

Leseteksten frå Jesaja er trøystefulle ord til Israelsfolket om heimkomsten frå fangenskapet i Babel. Teksten gir håp for framtida, her er gode ord om frelse, nåde og miskunn.

Leseteksten frå Johannes Openberring er den mektige skildringa av «den store kvite flokken». Dette er eit syn av alle dei frelste som er samla framfor Lammet (Jesus), dei som har kome ut av «den store trengsla».

Preiketeksten frå Matteus er poetiske formuleringar frå Jesus om Guds frelsesgåver og kven som mottar dei. Orda innleier det me kallar Bergpreika og har ein parallell i Slettepreika i Luk 6,20-23, der det også er tilsvarende negative utsegn, såkalla ve-rop.

Salig

Det greske ordet *makarios* blir på norsk omsett med salig eller sæl. Det hebraiske ordet er *asjre*. Eg brukar *salig* på nynorsk, slik ordboka opnar for, sjølv om den nynorske bibelomsetjinga tradisjonelt brukar sæl. Ordet bør forklarast, anten ein brukar det eine eller andre norske ordet, for eksempel som ei høg grad av lukke eller ei inderleg glede. Hans Kvalbein skriv at saligprisingane best kan forstås som ein gratulasjons-formel som gratulerer eit menneske med dets lukke i nåtid eller framtid.

Det er åtte saligprisingar, men den åttande om forfølging blir bygd ut slik at ein også kan tala om ni saligprisingar. Dei handlar ikkje om åtte ulike grupper menneske som får kvar si løn, men om ei gruppe: Jesu disiplar i verda. Jesus teiknar med ulik pensel og ser desse disiplane frå ulike kantar. Saligprisingane betyr ikkje: «Salige er dei som gjer X for dei vil motta Y». Me kan heller seia det slik: «*Lukkeleg er dottera til bonden Braut, for ho skal arva garden hans.*» *Ho er allereie den lukkelege dottera hans. Ho arbeider ikkje for å få arva garden. Ein dag skal garden bli hennar. Ho sjølv og alle rundt henne veit dette, og dei veit at dette er sentralt i hennar trygge og lukkelege liv på garden.* (fritt etter eit eksempel hos Kenneth E. Bailey).

Saligprisingane er full av teologisk interessante ord og uttrykk, og det er mange tilvisingar til tekstar i GT. Ein forkynnar vil måtta gjera eit utval. Eg vil i det følgjande leggja seia litt meir om dei to første saligprisingane.

Fattig i ånda

Det greske ordet for «fattig» tilsvarar hebraiske ordet *ani*, som har ei vidare tyding enn vårt ord

«fattig». Tydinga går meir i retning svak eller hjelpelaus. Det kan både brukast om den som er avhengig av andre menneske si hjelp og om eit bedande menneske sitt forhold til Gud. «Du, hjelpeløses hjelper, bli hos meg» (Norsk Salmebok 818). Aktuell GT-bakgrunn er bl.a. Jes 61,1 og 66,2.

Bibelselskapet omskreiv i 1978 uttrykket med å vera fattig i seg sjølv, ei god omskriving (men likevel ei omskriving). Dei fattige i ånda er dei som innser og innrømmer at dei ikkje fortener Guds gåver, men som likevel opnar hendene og tar imot desse gåvene gratis.

Sorg og trøyst

Trøyst er i GT eit uttrykk for Guds frelse, jfr Jes 40,1. Sjå og Jes 51,12 og 60,2. Løftet om Guds trøyst er grunnlaget for at me kan trøysta kvarandre og gje kvarandre håp og trøyst i dette livet.

Ein annan innfallsvinkel til orda om sorg og trøyst, finn me hos Bailey som i ein kommentar til Matt 5,4 tar utgangspunkt i Forkynnaren 7,2-4. Han skriv her vakkert om velsigninga ein kan kjenna ved å delta i eit minnesamvær over ein som er død:

For decades I have pondered these words, wondering what they meant. I still ponder them. Recently I attended the funeral of a dear friend and companion along the pilgrim way. A number of people who knew the departed saint told stories of how he had encouraged and influenced them. As they spoke, and as we remembered his life, the atmosphere among the mourners began to soar in a majestic way. There was an open mike where friends could give their unscheduled witnesses to remembered courage, faith, loyalty, love and vision. Yes, there were tears and some laughter, but all of us heard the great bells of faith ringing in our minds and hearts, and in a strange, indescribable way, there "the heart was made glad ... in the house of mourning," as the Beatitude took on fresh meaning. (Bailey s 71).

Kva er ein helgen?

Ein enkel måte å bruka ordet på, er å seia at ein helgen er ein som har vore og er forbilde for meg i trua på Jesus Kristus. Det kan vera ein i familien (2 Tim 1,5), ein leiar (Hebr 13,7) eller bibelske personar (Hebr 12,1). Kven er dine forbilde? Kven har betydd noko for deg? Her kan me også ta med tanken på at me sjølve er forbilde i trua!

Eit samfunn av dei heilage

Georg S. Geil skriv i ei preike til denne teksten og dagen:

*Allehelgens dag er de levendes dag. Der er noget, vi i byerne har mistet. På landet går vi til kirke gennem Guds-ageren, kirkegården, haven hvor de ligger, dem vi holdt av. Vi går ind i det hus, hvor nogle af dem hentede hele deres livs mening og trøst. Og inde i huset siger vi: "Vi tror på de helliges samfund!" Rent sprogligt betyder det gamle udtryk, *communio sanctorum*, tre ting: 1: fællesskabet af de hellige, d.v.s. fællesskabet af de vanhellige, der tilhører Ham, den ene Hellige. 2: fællesskabet om det hellige, om noget der er foræret os udefra. Og hvor meget de gamle der tænkte på nadveren, ligger i den sidste betydning: 3: fællesskabet med de hellige, d.v.s. med de mennesker af hans, der ikke er mer. Men de er ikke blevet til ingenting. Vi siger, de var – Gud siger, de er. Ved nadveren bliver vi sat til bords ved det samme bord som de, vi ved den synlige bordende, de etsteds oppe ad bordsiden, længere indover. Men bordet er det samme. (Geil s. 142)*

Vår kristne tru knyter fortid, nåtid og framtid saman, i trua på det evige liv.

Litteratur

Kenneth E. Bailey: Jesus Through Middle Eastern Eyes. SPCK, London 2008

Georg S. Geil: Befrielse. Århus 1978.

Hans Kvalbein: Matteusevangeliet. Bind 1. Oslo 1989

Arne Berge

Sokneprest i Hinna / frivillig medarbeidar i Den Norske Israelsmisjon

berge.arne@gmail.com